

Tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk

- Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 14. september 2022 -

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal gå til kommunar i Vestland sitt arbeid med å utvikle lokal frivilligpolitikk i samarbeid med lokale frivillige organisasjonar.

Kven kan søke?

Ordninga gjeld for kommunar i Vestland som har sett i gang eller har mål om å sette i gang arbeidet med å utvikle lokal frivilligpolitikk i samarbeid med lokale frivillige organisasjonar.

Søknadsfrist

Søknadsfristane i ordninga er 30. november og 31. mai.

Kva kan ein få støtte til

Kommunane kan søkje om tilskot til arbeidet med å utvikle lokal frivilligpolitikk. Midlane kan nyttast til møte, samlingar og arrangement, og til arbeidet med å kartlegge og auke kunnskapen om den lokale frivilligheita i kommunen.

Søknadsbeløp

Kommunane kan bli tildelt inntil 100 000 kr til arbeidet med å utvikle lokal frivilligpolitikk. Kommunane som søker må vise til eigenandel som svarar til søknadssum gjennom budsjettet.

Vurdering

Søknadene blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Om kommunen har mål om å utvikle og vedta lokal frivilligpolitikk.
- b) Om kommunen har planar om medverknad gjennom møte, samlingar og arrangement for frivillig sektor med lokal frivilligpolitikk som tema.
- c) Om kommunen har planar om å kartlegge og auke kunnskapen om lokal frivilligheit.
- d) Om kommunen har planar om å etablere eller vidareføre faste møteplassar mellom frivilligheita og kommunen.

Krav til søknaden

Søknaden må sendast inn til fylkeskommunen via digitalt søknadsskjema, og må innehalde

- presentasjon av tiltaket som er planlagt
- budsjett for tiltaket med planlagde utgifter og inntekter, m.a. eigenandel frå kommunen

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadsbehandling i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.).

Avdeling for kultur, idrett og inkludering behandlar søknadene administrativt. Fylkesdirektør har mynde til å fatte vedtak. Søknadene skal i hovudsak vere behandla innan tre månader etter innsendt søknad. Avdeling for kultur, idrett og inkludering legg fram referatsaker i hovudutval for kultur, idrett og inkludering som syner fordeling av midlane.

Oppfølging og rapportering

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Større endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilskotsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor kan setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar som er påkravd for sin kontroll.

Klage

Sidan det er kommunar som søkjer i ordninga, blir klagen ikkje å rekne som eit enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 28. Eventuell klage på vedtaket skal likevel bli vurdert og behandla, og det kan bli fatta eige vedtak om avvising i klageinstansen. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veke. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune.